



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

HUSNES RØYR AS  
Onarheimsvegen 92

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2021/2639-3		17.09.2021

## Tilknytingsløyve til offentleg leidningsnett - 152/150

### Det vert gjeve løyve til tilknytning av spillvass- og vassleidning på fylgjande vilkår:

- Tilknytninga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrleggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- Vassleidningen er allereie etablert og lagt ned frå bustadhuset.
- Spillvassleidningen skal koplast til privat stikkleidning slik søknaden viser.
- Det skal installerast vassmålar i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Kvinnherad, §5*. Vassmålaren skal leverast av VA. Eigar av eigedomen er ansvarleg for at målaren står frostfritt. Skjema for vassmålarmontrasjen skal snarast mogleg etter montering sendast inn digitalt via vår heimeside.
- Alle leidningar skal målast inn i hht *Ledningsregistreringsforskriften* og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til [va@kvinnherad.kommune.no](mailto:va@kvinnherad.kommune.no)
- Skjemaet *Ferdigmelding av VA-anlegg* skal sendast inn digitalt via vår heimeside, straks tilknytninga/installasjonen er utført.

Sjå vår heimeside for retningsliner på private stikkleidningar:  
<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Tilknytingsgebyra skal vera fakturert og betalt før anlegget kan takast i bruk (jmf *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §4*), til ein kvar tid gjeldande gebyrstorleik.

Ref. *Standard abonnementsvilkår, kapittel 2*: Dersom arbeidet med tilknytninga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

**NB** Dersom etablering av stikkleidningar og kummar kjem på andre grunneigarar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.

Vil også gjera merksam på at dette løyvet ikkje gir noko løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i *Plan og bygningslova*.

- Dette betyr at om denne vasstilknytninga skal nyttast til anna enn eit enkelt toalettrom eller servant/utslag/spylepunkt, er dette søknadspliktig. (Baderom er søknadspliktig.)
- Etablering av stikkleidningar er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom De treng rettleiing for søknadsprosess eller har spørsmål.

Med helsing

Egil Eide  
*Einingsleiar Vatn og avløp*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
TEIGEN BYGG & TRELAST AS  
Liv Lønskog  
Kvinnherad kommune v/Torill Slåke

Opsangervegen 18  
Kjelsåsveien 71 B